



Kvam herad,  
Grovagjelet 16,  
5600 NORHEIMSUND

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Håvard Rød, 5557 2143

## Kvam herad - budsjett 2022 og økonomiplan 2022 - 2025

Kvam heradsstyre har i møtet 09. desember 2021, sak 128/21, handsama og vedteke budsjett 2022 og økonomiplan for 2022-2025. Vi har motteke saksdokumenta til orientering.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse. Dette brevet er ei tilbake-melding om korleis vi vurderer økonomien til kommunen og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

Kommunal- og distriktsdepartementet har sett i gang eit treårig forsøk for å skape ei tettare kopling mellom det bustadsosiale arbeidet og andre kommuneretta oppgåver hjå Statsforvaltaren i Vestland. I forsøksperioden er Husbanken sine oppgåver for dette fagområdet overførde til Statsforvaltaren. Eit godt bustadsosialt arbeid vil over tid vere lønsamt for kommunane, og til rettleiing og oppfølging av kommunane vil vi m.a. bruke informasjon frå budsjett og økonomiplanar. Vi ber difor om at kommunane frå 2023 omtalar mål og tiltak innafør det bustadsosiale arbeidet i budsjettdokumenta.

### Oppsummering

Kommunen har eit svært høgt gjeldsnivå etter å ha investert mykje over mange år. Lånegjelda kjem til å auke i år, i hovudsak som følgje av bygginga av nytt omsorgssenter. Kommunen må i stor grad avgrense nye investeringar og låneopptak slik at gjelda kan bli redusert i dei komande åra.

Kommunen bør ha eit stort disposisjonsfond som driftsreserve. Kommunen er med den høge gjelda særleg utsett og sårbar for renterisiko eller ein svikt i inntektene. Disposisjonsfondet bør på denne bakgrunn bli halde på minst det same nivået som ved utgangen av 2021.

Det er viktig at kommunen oppnår gode driftsresultat slik at driftsfinansieringa av investeringar kan bli større og med det redusere behovet for låneopptak.



## Budsjett 2022

I rekneskapen for 2021 er det eit netto driftsoverskot med kr 73,5 mill. Det utgjør 7,2 prosent av driftsinntektene i 2021. Netto driftsoverskot er i hovudsak sett av til å styrke disposisjonsfondet.

Netto driftsunderskot i opphavleg vedteke budsjett for 2022 var - kr 1,3 mill. Den førebelse prognosen etter første tertial i år syner at kommunen kan få eit vesentleg betre resultat enn i opphavleg budsjett.

Kommunen har budsjettert med kr 260,4 mill. i skatt på eige og inntekt for 2022. Ordinær skatt og rammetilskot er budsjettert med til saman kr 573,1 mill.

Inntektsprognosen frå KS for 2022 er no oppdatert etter framlegget til revidert nasjonalbudsjett og kommuneproposisjonen. Pårekna auka inntekter i revidert nasjonalbudsjett må bli sett i samanheng med pårekna større pris- og kostnadsvekst for kommunane i år. Kommunen har innarbeidd auka pris- og kostnadsvekst i sin prognose for resultat.

Det er budsjettert med kr 40,0 mill. i eigedomsskatt for 2022. Innkomen eigedomsskatt i 2021 var om lag kr 45,8 mill.

Kommunen har eigedomsskatt på næringseigedom, kraftverk og bustader/fritidshus. Det er gjort vedtak om reduksjon i eigedomsskatt på bustader/fritidshus, frå 3,2 promille i 2021 til 3,0 promille i år. Det er også gjort vedtak om innføring av botnfrådrag på kr 200.000,- i eigedomsskattetakstane for bustader og fritidseigedomar i år.

Det er budsjettert med aksjeutbytte kr 14,1 mill. Aksjeutbytte kjem frå Kvam Energi AS og BKK (0,9 prosent eigardel). Høge straumprisar bidreg til større utbytte i 2021 og 2022, samanlikna med 2020.

Det er budsjettert med kr 15,1 mill. i utbetaling frå Havbruksfondet.

Kommunestyret har gjort vedtak om å betale lånegjelda med minimumsavdrag, basert på § 14-18 i kommunelova. Det er budsjettert med kr 43,2 mill. i ordinære avdrag (utanom avdrag på formidlingslån).

I 2022 er det budsjettert med brutto investeringar for til saman kr 266,3 mill. Den største investeringa er i Strandebarm omsorgssenter.

Investeringane i vatn og avlaup er planlagt lånefinansierte fullt ut. Dei andre investeringane er i hovudsak planlagt finansierte med bruk av lån. Dessutan blir dei finansierte med moms-kompensasjon og investeringstilskot.

Lånebehovet for 2022 er budsjettert med kr 158,8 mill., med fråtrekk for ubrukte lånemidlar per 01.01.2022. Det er for 2022 gjort vedtak om låneopptak i Husbanken med kr 15,0 mill. til vidare utlån.

Kommunen si brutto langsiktige lånegjeld ved utgangen av 2021 var kr 1,35 mrd., medrekna startlån til vidare utlån. Dette utgjør 132 prosent av sum driftsinntekter i 2021. Lånegjelda var til same tid om lag kr 159.400,- per innbyggjar.



Kommunen sitt disposisjonsfond var kr 158,7 mill. ved utgangen av 2021. Det utgjør 15 ½ prosent av driftsinntektene i 2021.

### **Økonomiplan 2022 - 2025**

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyret sine prioriteringar og løyvingar og dei mål og premisser som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

I opphavleg økonomiplan var det for åra 2023 og 2024 planlagt netto driftsoverskot med 0,5 prosent og 0,6 prosent av driftsinntektene. For 2025 var det i planen eit netto driftsunderskot, - 0,5 prosent av driftsinntektene. Førebels prognose for i år og dei neste åra i økonomiplanperioden syner at dei årlege resultatane kan bli betre enn i opphavleg budsjett og økonomiplan.

Det er planlagt eit høgt investeringsnivå i år, for ein stor del som følgje av investeringa i Strandebarm omsorgssenter. For dei neste åra i planperioden er det lagt opp til eit vesentleg lågare investeringsnivå.

Det er rekna at den langsiktige lånegjelda vil vere relativt stabil gjennom økonomiplanperioden, om lag kr 1,35 mrd. I tillegg har kommunen lån i Husbanken til vidare utlån, som no utgjør kr 123 mill.

### **Finansielle måltal**

Etter kommunelova skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal med handlingsreglar for utvikling av økonomien til kommunen. Finansielle måltal skal nyttast i planlegging og styring, som grunnlag for å vareta den økonomiske handleevna over tid.

Kommunen har vedteke følgjande måltal i heradsstyresak 142/19:

1. Lånegjeld i prosent av driftsinntektene skal ikkje overstige 160 prosent i økonomiplanperioden.
2. Netto driftsresultat skal vere budsjettert til minimum null prosent av driftsinntektene i perioden 2022-2025, samla for alle åra.

### **Statsforvaltaren sine vurderingar**

Kommunen hadde eit særleg godt resultat for 2021, som har gitt grunnlag for å bygge opp disposisjonsfondet. Førebels prognose syner at kommunen kan få betre resultat i planperioden enn i opphavleg vedteke budsjett og økonomiplan. Resultata i planperioden må bli sett i samanheng med at det er pårekna relativt store utbetalingar frå Havbruksfondet i dei to åra 2022 og 2024.

Det er viktig at kommunen oppnår gode driftsresultat slik at driftsfinansieringa av investeringar kan bli større og med det redusere behovet for låneopptak.

Kommunen har eit svært høgt gjeldsnivå etter å ha investert mykje over mange år. Lånegjelda kjem til å auke i år, i hovudsak som følgje av bygginga av nytt omsorgssenter. Lånegjelda vil vere svært høg, også etter at statleg investeringstilskot til omsorgssenteret blir nytta til ekstra



gjeldsnedbetaling. Det er viktig at gjeldsnivået blir redusert i dei komande åra. Kommunen må i stor grad avgrense nye investeringar og låneopptak slik at gjelda over tid blir redusert.

Disposisjonsfondet var ved utgangen av 2021 om lag 15 ½ prosent av driftsinntektene. Kommunen bør ha eit stort disposisjonsfond som driftsreserve. Kommunen er med den høge gjelda særleg utsett og sårbar for renterisiko eller ein svikt i inntektene. Disposisjonsfondet bør på denne bakgrunn bli halde på minst det same nivået som ved utgangen av 2021, målt i prosent av driftsinntektene.

Kommunen har ei eldre befolkningssamansetjing. Det er no vesentleg fleire eldre innbyggjarar i kommunen enn for landsgjennomsnittet, særleg i dei eldste aldersgruppene. Det er krevjande å tilpasse tenestene til dette.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid  
fung. statsforvaltar

Nils Erling Yndesdal  
kommunaldirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*